

## **Vedlegg til søknad om: Innsamling og registrering av foto og arkivmateriale om næringsverksemd rundt Mjøsvågen**

Det vert vist til vår søknad med frist 15.5.2016 når det gjeld informasjon om Mjøsvågen og utgjeving av boka med arbeidstitel: «Næringssoge for Mjøsvågen».

I arbeidet med boka har me klart å spore opp ein heil del eldre og nyare foto frå Mjøsvågen. Mykje av dette er bilete tekne ute. Me har og spora opp nokre få tekne frå produksjon inne.

Me er godt i gang med å fotografere gjenstandar, maskiner, utstyr, interiør mm. Me fotografere for å lage gode bilete til å ha i boka. Samstundes tek me foto der føremålet meir er å dokumentere. Me finn eit stort tal gjenstandar som er produserte ved Mjøsvågen; alt frå kikkranar, vakuum toalett-pumper, rusko/ullsko, rundsko, tresko, delar til brannredningstau, kister, kuffertar, møblar osv. Me finn produkt frå krambuer/landhandel som fløyteflasker, vaskepulver, spikar osv. Me finn også mykje utstyr og maskiner; metallstøyperutstyr, høvelbenkar, treskomaskiner, trømaskin for tannlegebor, mykje anna tannlegeutstyr, trommel for ruskotoving, skomakarutstyr, smiutstyr, svinghjul, butikktstyr/inreiing osv. Her er mange ulike verksemdar der det og finst tildels intakte historiske interiør; kisteverkstad, smier, metallstøyper, treskofabrikk, møbelfabrikk, meieri osv. Her er spor i landskapet etter regulering av vatn og elvar til vasskraft, boltar brukt til landnot, boltar brukte til «parkering» av hestar, kaier, gamle vegar, ruinar etter skraphandlar osv.

Me har og ca 3 t videoopptak av ei kulturminnevandring i Mjøsvågmiljøet i 2008.

Dette vil representere dokumentasjon med stor breidde både i tid og bransjar/tema. Men langt frå alt kan nyttast i boka. Me er difor viljuge til og interesserte i å få dette bilete/videomaterialet arkivert og gjort tilgjengeleg via internett hjå Osterøy museum. Og Osterøy museum ved Solveig Jordal og Nikolai Rypdal Tallaksen har sagt seg veldig interesserte i å ta imot dette foto- og biletet materialet og registrere/systematisere det og gjere det tilgjengeleg. Historikar Geir Kleiveland i Osterøy sogelag vil bidra med råd og rettleiing.

Me har lenge hatt kjennskap til at det på loftet i kisteverkstaden på bruk 89/5 på Mjøs har vore nokre kassar med kvitteringar og nokre bøker frå familien sin tidlegare krambu- og butikkdrift. Men at det skulle vere heile 7-8 kassar og så rikhaldig og også innehalde ein del dokumentasjon frå kiste- og koffertproduksjonen, var me ikkje klar over. Sjå vedlagde foto som syner nokre av kassene som inneheld mykje til dels godt bevart arkivmaterieil.

Det som er spesielt, er at det er ein bortimot komplett serie av kassebøker frå krambu- og butikkdrifta og kvitteringsbøker for alt som har vore sendt med dampbåt frå 1909 til 1947. Det er postkvitteringsbøker frå 1925-29. Det er store mengder fakturaer, følgesedlar, kritebøker osv.

Vidare har me funne avtalebok for tannlege Brita Mjøs for 1939 og 1946. Ho dreiv skuletannklinikk og privatpraksis.

Me har visst at fleire kisteverkstader har samarbeidd. No har me for første gong funne namnet på samarbeidet: Osterfjordens Kistecompagni. Me har funne leverandørbøker, kassabok mm som dekkjer 1899-1917.

Det er mykje arbeid å reingjere og systematisere alt dette materialet. Det gjer me på dugnad.

Osterøy museum vil også her svært gjerne ta i mot materialet for registrering og arkivering. Osterøy sogelag ved Geir Kleiveland bidreg med rettleiing og råd.